



Statens vegvesen

Møteinnkalling

Til: Eva Vinje Aurdal, Tore Johan Øvstebø, Øystein Tvedt, Kristin Sørheim, Anders Riise, Kjetil Strand, Ove Nesje, Liv Kjersti Finholt, Torbjørn Vatnehol, Sunniva Ullavik Erstad, Nils Inge Romarheim, Ole Kristian Birkeland, Marius Maske.

Kopi: Carl Johansen, Vebjørn Krogsæter, Arild Fuglseth.

Fra: Sekretariatet for Bypakke Ålesund.

Saksbehandler: Nils Inge Romarheim

Tlf. saksbeh. 906 59 309

Vår dato: 14.09.2022

Møte i styringsgruppe for Bypakke Ålesund – Møte 7/2022

Møtested:	Teams
Møtedato:	16.09.2022
Møtetid:	1200 – 1400
Møteleder:	Tore Johan Øvstebø

Saksliste

Punkt	Sak	Innleder / Ansvar	Tid
1	Innleiing ved leiar for styringsgruppa.	Tore Johan Øvstebø	1200 – 1210
2	Orientering fra Vegamot om bompengepasseringer, takst og foreløpig status for finansiering. Saken unntas offentlighet.	Marius Maske	1210 – 1230
3	Orientering om trafikk tall <ul style="list-style-type: none">– Sykkeltellere og øvrig vegnett.– Status/tall innfartsparkering.– Status buss (gratisbuss).	Nils Inge Romarheim Jøran Mentzoni Eilertsen Torbjørn Vatnehol/FRAM	1230 – 1250
4	Gassdrive køyretøy.	Nils Inge Romarheim	1250 – 1305
5	Passeringstak takstgruppe 2.	Nils Inge Romarheim	1305 – 1320
6	Oppstart av bompengeneinnkreving – status kommunikasjon.	Christine Rørvik	1320 – 1330
7	Rapportering pr. 2 tertial.	Nils Inge Romarheim	1330 – 1340
8	Orientering om Tonningsgate og Kollektivknutepunktet i sentrum.	Torbjørn Vatnehol	1340 – 1355
9	Eventuelt.	Nils Inge Romarheim	1355 – 1400

Styringsgruppa for Bypakke Ålesund

Ålesund kommune: Ordførar Eva Vinje Aurdal, Tore Johan Øvstebø (leiar) og Øystein Tvedt.
Vara: Vebjørn Krogsæter.

Møre og Romsdal fylkeskommune: Kristin Sørheim og Anders Riise. Vara: Carl Johansen.

Statens vegvesen: Leiar Transport midt, Kjetil Strand, og leiar Utbygging midt, Ove Nesje.

Sekretariatet for Bypakke Ålesund

Ålesund kommune: Liv Kjersti Finholt (Jøran Mentzoni Eilertsen).

Møre og Romsdal fylkeskommune: Torbjørn Vatnehol (Bjørn Sunde).

Statens vegvesen: Nils Inge Romarheim (leiar) – (Kjetil Sporsem).

Kommunikasjon: Sunniva Ullavik Erstad (Christine Rørvik).

Sak 3 – Gassdrive køyretøy

Bakgrunn.

I førre møte i styringsgruppa vart sekretariatet bedd om å leggje fram ei sak om mogleg takstfritak eller redusert takst for køyretøy i takstgruppe 2 som går på biogass. Dette vert gjort i denne saka.

I brev av 5. juli 2022 gir Samferdselsdepartementet Statens vegvesen myndigheit til å fatte takstvedtak knytt til gassdrive køyretøy i takstklasse 2. Ein ordning med fritak/ redusert takst for tunge køyretøy på biogass kan ikkje handterast innanfor det tekniske bompengesystemet AutoPASS. Det har difor blitt oppretta ein eigen takstklasse for gass i takstgruppe 2. Takstklassen skal likestillast med nullutsleppskøyretøy ved at det vert gjeven moglegheit for fritak eller redusert takst.

Ein føresetnad for bruk i byområde, er at ein har innført eit miljødifferensiert takstopplegg og at det er gjort lokalpolitiske vedtak om å innføre fritak eller redusert takst. Når lokalpolitiske vedtak er på plass, må det utarbeidast ein proposisjon om innføring av miljødifferensierte takstar og endringar i takstopplegg. Saka vert så lagt fram for Stortinget, som gjer det endelege vedtaket. Jf. Rettleiar for bompengeprojekt pkt. 2.10: «Større endringer i bompengereordninger som er vedtatt av Stortinget skal behandles på samme måte som nye bompengeprojekter. Dette kan for eksempel være en utvidelse av prosjektet med nye vegstrekninger, økning av takster utover det som er forutsatt i proposisjonen, etablering av flere bomstasjoner, forlengelse av innkrevningstid eller større endringer i finansierings- eller takstopplegget.»

Vurdering.

Bypakka har som mål å bidra til ei berekraftig byutvikling. Ein bør difor, når det er forsvarleg, leggje til rette for tiltak for næringstrafikken som gjev ein positiv klimaeffekt og eit betra bymiljø. Før ein vurderer å innføre eit miljødifferensiert takstopplegg som gir rom for fritak eller reduserte takstar for desse køyretøya, bør ein likevel la det gå noko tid, slik at ein har eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere dei finansielle konsekvensane for bypakka. På eit slikt tidleg stadium som vi er i no, veit vi ikkje korleis trafikkmønster og trafikksamansetning blir når trafikantane har tilpassa seg det som er ein ny kvardag med bompengar. Vi bør ha ei betre oversikt over kva inntektene til bypakka blir, før ein vurderer å gjere endringar i takstopplegget som vil ha ein inntektseffekt. Etter eitt års drift vil trafikkvolum og trafikkfordeling på takstgrupper, takstklasser og ulike fritaks- og rabattordningar vere kjent. Bompengeselskapet Vegamot skal då ha ein økonomisk gjennomgang av prosjektet med vurdering av gjennomsnittstakst og grunntakstar. Sekretariatet føreslår at ein tar opp igjen saka til vurdering når Vegamot har gjennomført sin økonomiske gjennomgang.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa stillar seg positiv til å innføre miljødifferensierte takstar i Bypakke Ålesund, og å vurdere fritak eller redusert takst for køyretøy i takstgruppe 2 som går på gass. Før ein tar endeleg stilling til saka, vil ein ha betre sikkerheit for kva inntektene til bypakka blir. Saka skal difor takast opp igjen når bompengeselskapet Vegamot har gjennomført sin første økonomiske gjennomgang av prosjektet hausten 2023.

Vedlegg:

Brev frå Samferdselsdepartementet av 5. juli 2022



DET KONGELIGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Deres ref

Vår ref
22/850-3

Dato
5. juli 2022

Myndighet til å fatte takstvedtak knyttet til gassdrevne kjøretøy (GA) i takstklasse 2 (tunge kjøretøy) - delegering av fullmakt

Vi viser til sak om etablering av egen takstklasse for GA-kjøretøy innenfor takstgruppe 2, og at Statens vegvesen i den forbindelse har bedt om delebert myndighet til å fatte takstvedtak knyttet til gassdrevne kjøretøy (GA) i takstklasse 2 (tunge kjøretøy).

Samferdselsdepartementet viser til oppdragsbrev datert 28. mars 2022 om likebehandling av GA-kjøretøy som kjører på biogass med el- og hydrogendrevne biler i bomringene, og omtalen av dette i Prop. 111 S (2021-2022). I brevet bes Statens vegvesen om å utarbeide en løsning innenfor AutoPASS med egen takstklasse for alle gassdrevne kjøretøy (GA) i takstgruppe 2 (tunge kjøretøy). Dette kan gi grunnlag for redusert bompengetakst eller fritak for bompenger dersom det er lokalt ønske om det. Det vises til at Statens vegvesen har informert om at løsningen i AutoPASS vil være på plass innen 1. september 2022.

Stortinget har vedtatt at gasskjøretøy som kjører på biogass, skal likestilles med el- og hydrogendrevne biler i bomringene, jf. vedtak 35 nr. 8 (2. desember 2021) og vedtak nr. 757 (10. juni 2022). Det vises også til Innst. 456 S (2021-2022), der det fremgår at det forventes at regjeringen straks og senest innen utgangen av 2022 sørger for at GA-kjøretøy som kjører på biogass, likebehandles med nullutslippskjøretøy i bomstasjoner.

En ordning med fritak/ redusert takst for tunge kjøretøy på biogass kan ikke håndteres innenfor det tekniske bompengesystemet AutoPASS, jf. omtalen av anmodningsvedtak nr. 1008 av 27. mai 2021 i Prop. 1 S (2021-2022). Som det fremgår av omtalen av anmodningsvedtak 35 pkt. 8 i Prop 111 S (2021-2022), opprettes det derfor en egen takstklasse 'gass' i takstgruppe 2. Takstklasse 'gass' gjelder all gassdrevne kjøretøy i

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 904

Avdeling
Veg-, by- og
trafikksikkerhetsavdelingen

Saksbehandler
Ingrid Skahjem
22 24 82 91

takstgruppe 2 med unntak av kjøretøy drevet av hydrogengass. Takstklasse 'gass' skal likestilles med nullutslippskjøretøy når det gjelder mulighet for fritak/reduert takst, og kan anvendes i byområder der det er valgt et miljødifferensiert takstopplegg etter veglova § 27 annet ledd. Forutsetningen er at det foreligger lokalpolitiske vedtak om å innføre fritak eller redusert takst for gassdrevne kjøretøy i takstgruppe 2.

Samferdselsdepartementet gir med dette Vegdirektoratet som takstmyndighet fullmakt til å fatte nødvendige takstvedtak gjeldende gassdrevne kjøretøy (GA) i takstgruppe 2 (tunge kjøretøy).

Departementet legger til grunn at takstretningslinjene endres i tråd med ovennevnte.

Med hilsen

Bente Elgar (e.f.)
underdirektør

Ingrid Skahjem
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Sak 5 – Passeringstak takstgruppe 2

Bakgrunn

I vedtatt takst- og rabattsystem for bypakka, ligg det inne passeringstak for takstgruppe 1, men ikkje for takstgruppe 2. Det har kome reaksjonar frå transportnæringa på at det ikkje er passeringstak også for takstgruppe 2. Styringsgruppa har registrert dette og har bedt Statens vegvesen om å utgreie spørsmålet og vurdere eventuelle følgjer for finansieringa av bypakka om ein innfører eit tak for takstgruppe 2.

Vurdering

Saka har vore til vurdering i Vegdirektoratet. Ein meiner at eit passeringstak for takstgruppe 2 ligg inne i grunnlagsarbeidet for proposisjonen for Bypakke Ålesund. Dette betyr at ei innføring av passeringstak for takstgruppe 2, ikkje vil ha ein innverknad på inntektene til bypakka som ikkje var tatt omsyn til i proposisjonen. Ein meiner difor at ei innføring av passeringstak for takstgruppe 2 kan gjennomførast som ei mindre endring i takstopplegget. Ei slik endring kan då gjerast på eit administrativt nivå med atterhald om at Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer dette.

Det er, slik ein ser det, to måtar ein kan gå fram på:

1. Ein rein administrativ prosess med signering av ordførar og fylkesordførar, som gjer at ein kan få innført eit passeringtak raskare. Dette inneber likevel ein risiko for at Samferdselsdepartementet kan sende saka i retur med krav om at det skal gjennomførast ein lokalpolitisk prosess.
2. Lokalpolitisk forankring - Det tryggaste alternativet vil vere å få ei lokalpolitisk forankring med ein gong, men det går då noko lenger tid før ein får gjennomført endringa.

Sekretariatet legg fram saka med to alternativ til vedtak.

Forslag til vedtak

Alternativ 1:

Styringsgruppa ber sekretariatet klargjere ei sak om å innføre passeringstak for køyretøy i takstgruppe 2. Saka skal leggjast fram for politisk behandling i Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune så snart som mogleg.

Alternativ 2:

Styringsgruppa ber sekretariatet klargjere ei sak om å innføre passeringstak for køyretøy i takstgruppe 2. Saka skal behandlast på administrativt nivå i Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune og underskrivast av ordførar og fylkesordførar. Det skal deretter jobbast mot å få til eit nytt takstvedtak for bypakka med passeringstak for takstgruppe 2.

Sak 7 – Rapportering pr. 2. tertial

Tertialrapporten presenterer saka.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa tar Tertialrapport for 2. tertial 2022 til etterretning.

Bypakke Ålesund



Biletet er frå Slinningen der det vert laga ny haldeplass og snuplass for buss.

Foto: Jan M. Myrstad.

Tertialrapport for 2. tertial 2022

Innhold

Samandrag	3
Økonomi.....	3
Prosjekter og aktivitet i 2022	8
Statens vegvesen	8
Møre og Romsdal fylkeskommune.....	8
Ålesund kommune	8

Samandrag

Rapporteringa i bypakka må sjåast opp mot vedtatt budsjettdokument for bypakka frå januar i år. Rapporteringa gir styringsgruppa nødvendig styringsinformasjon for å følgje opp at vi når måla våre og at vi har ein sterk kostnadskontroll innanfor dei fastsette økonomiske rammene for bypakka.

I bypakka vert det rapportert til styringsgruppa tertialvis, og elles ved hendingar eller endringar i sluttprognoser. Det vert lagt fram tre rapportar i løpet av eitt år – 1. tertial, 2. tertial og årsrapport. Sekretariatet i bypakka følgjer opp den løypande rapporteringa utanom desse tidspunkta.

Rapporteringa etter 2. tertial viser at det ikkje er vesentlege avvik som må følgjast opp på porteføljenivå. Det er ikkje meldt om behov for auka sluttprognose for noko prosjekt. Samla sett er det ein mindre auke i årsprognosen for bypakka frå rapportert årsprognose i 1. tertial.

Økonomi

I januar vedtok styringsgruppa eit budsjettdokument for 2022 med eit budsjett for bypakka på 280,1 mill. kroner. Samstundes vart prognosen for året i budsjettdokumentet sett opp med 163,3 mill. kroner, altså betydeleg lågare enn budsjettet. Årsaka til det var at tildelte midlar for nokre prosjekt på riksveg var høgare enn planlagt framdrift og produksjon for året. Spesielt gjaldt dette E136 Breivika-Lerstad.

I rapporten for 1. tertial vart budsjettet korrigert med overførte midlar frå førre år, samstundes som Vegamot sin del under prosjekt *10 Bomstasjonar* vart tatt ut av budsjettet. Dette for å gjere oppfølginga enklare. Same oppsett er brukt no i rapporten for 2. tertial. Samla budsjett for året er då 235,4 mill. kroner.

Rapportert årsprognose ved 1. tertial er 171,8 mill. kroner. Dette er ein auke i årsprognose på 8,5 mill. kroner frå vedtatt budsjettdokument, og ein auke på 3,9 mill. kroner frå 1. tertial. Auken er ein følgje av endringar på fleire prosjekt, og kan splittast opp som forklart under.

- E136 Breivika-Lerstad har ein auke i årsprognose på 18,5 mill. kroner. Dette har ingen verknad for sluttprognosen for prosjektet, og prosjektet har statsmidlar i budsjettet for 2022 som vert nytta.
- Fv. 60 Blindheim-Flisnes har ein auke i årsprognose på 6,6 mill. kroner. Auken har ingen følgjer for sluttprognosen og skuldast at ekstern konsulent har betra kapasitet på prosjektering i år og at noko prosjektering derfor er framskunda. Auken vert finansiert i år ved å trekke opp 4 mill. ekstra i bompengar. Restbeløpet på 2,6 mill. kroner vert finansiert med kommunale midlar.
- Bomstasjonar har ein auke i årsprognosen på 4,7 mill. kroner, som skuldast prisstigning og meir omfattande arbeid med stenging av gangveggar og moglegheit for å snike. Prosjektet vert finansiert av bompengar.
- E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus har redusert årsprognosen med 4,0 mill. kroner. Dette skuldast at ein er i ein prosess med Helseføretaket i forhold til eit mogleg parkeringshus ved sjukehuset. Dette vil kunne påverke grensesnittet mellom vårt og deira prosjekt. Redusert

behov for midlar i 2022 gir redusert bruk av statsmidlar på prosjektet i år. Ein avtale med helseføretaket er under utarbeiding. Tidspunkt for anleggsstart og opning er noko forskyvd som følgje av diskusjonane kring grensesnitt.

- E136 Brosundbro og ny gate Keiser Wilhelms gate har redusert årsprognosen med 4,4 mill. kroner. Dette skuldast at ein jobbar med å bli samd i løysing/prosjektkonsept. Anleggstart og opning kan bli forskyvd.
- På sekkeposten er årsprognosen redusert med 14,4 mill. kroner. Dette er ei direkte følgje av at ein har fått eit tilskot på 15 mill. kroner til prosjektet Busstopp på Moa frå tilskotsordninga for mindre byområde. Prosjektet har eit forbruk i år som i sin heilheit vert dekk inn av tilskotet. Det vert dermed finansiert utanfor ramma for bypakka i år, men det vil stå att 4,6 mill. kroner i 2023 som vert finansiert av bypakka.
- Mindre endringar på andre prosjekt.

Ramma for bypakka er på 4.283 mill. 2022-kroner. Det er inga endring i rapportert sluttprognose for prosjekta som inngår i bypakka.

Statens vegvesen sitt arbeid med bomstasjonane vert ferdigstilt i år. Prosjektet skal finansierast med bompengar, men det var i vedtatt budsjett lagt opp til at ein skulle forskuttere statsmidlar for å finansiere årets framdrift. Ein har bestemt at ein likevel ikkje forskutterer statsmidlar, men finansierer prosjektet direkte med bompengar. Det betyr at ein vil trekke opp om lag 15 mill. kroner i bompengar i år, i staden for å utsette opptrekk av desse til neste år som planen var.

Tabell 1 – Rekneskap, budsjett og årsprognose for Bypakke Ålesund – 2. tertial – mill. kroner.

Rapportering - 2. tertial		2022-kroner											
				Årsbudsjett, årsprognose, regnskap									
		Ramme	Prognose	Framdrift		Til disposisjon		Årsprognose	Årsprognose	Budsjett	Regnskap	Avvik	Avvik
		Gjeldende styringsramme	Rapportert sluttprognose	Byggestart (Prognose/ faktisk)	Trafikkåpning (Prognose/ faktisk)		Budsjett	(i vedtatt budsjett)	(rapportert)	hittil i år	hittil i år	Årsprognose 4 - 3	Til disp 4 - 1
Bypakke Ålesund - Portefølje		4 283	4 283			-235,4	235,4	163,3	171,8	58,3	74,3	8,5	-63,6
1	E136 Brosundbro og ny gate Keiser Wilhelms gt	317	317	01.06.2023	01.12.2024	3,1	-3,1	7,0	2,7		1,3	-4,4	5,8
2	Kollektivterminal – gateterminal i Keiser Wilhelms gt	88	88	01.02.2023	31.07.2024	-7,5	7,5	7,5	8,7	4,3	4,3	1,2	1,2
3	E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus	71	71	15.12.2022	31.12.2023	-8,1	8,1	16,0	12,0	2,4	6,7	-4,0	3,9
4	Kollektivknutepunkt ved Campus Ålesund	290	290	01.02.2024	31.12.2025	1,2	-1,2	0,5	0,1		0,1	-0,4	1,3
5	E136 Breivika-Lerstad	2 221	2 221	01.03.2022	01.07.2026	-178,7	178,7	66,0	84,5	46,4	43,5	18,5	-94,2
6	E136 Lerstadtoppen-Campus	490	490	01.01.2024	01.07.2028	0,2	-0,2	0,5	0,2		0,0	-0,4	0,3
7	Sekkepost kollektiv, TS, sykkel, gåing	301	301	-	-	-27,7	27,7	37,7	23,8	-	0,9	-14,0	-4,0
8	Fv. 60 Blindheim-Flisnes	349	349	01.01.2024	31.05.2026	-8,4	8,4	8,4	15,0	5,2	5,2	6,6	6,6
9	E39 Myrland, påkjøringsrampe	55	55	-	-								
10	Bomstasjoner	44	44	01.02.2022	22.08.2022	0,7	-0,7	9,5	14,2		8,0	4,7	14,9
11	Planlegging og prosjektering	55	55	-	-	-10,2	10,2	10,2	10,7	-	4,3	0,5	0,5

Tabell 2 – Rekneskap, budsjett og årsprognose for Post 7 Sekkepost kollektiv, TS, sykkel, gåing – mill. kroner.

Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Styrings- ramme	Slutt- prognose	Avvik 1	Budsjett	Regnskap HIÅ	Års- prognose	Avvik 2	Byggestart	Trafikkåpning
									Prognose/ faktisk	Prognose/ faktisk
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - Fylkeskommune	7,00	7,00		7,00	0,40	7,00		2022-06	2022-12
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - Kommune				1,80			-1,80		
704	Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua	14,63	14,63		3,00	0,04	1,40	-1,60	2023-02	2023-12
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Fylkeskommune	2,00	2,00		2,00	0,02	2,00		2022-09	2022-12
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Kommune	1,33	1,33				1,15	1,15	2022-11	2023
732	Hessafjordvn-Slunningen med snuplass	4,50	4,50		4,50	0,07	4,50		2022-08	2022-11
738	Busstopp på Moa, tiltak for raskere og bedre bussavvikling	4,60	4,60						2022-08	2022-12
761	TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Fylkeskommune	5,80	5,80		5,80	0,40	5,80		2022-06	2022-12
761	TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Kommune	3,63	3,63		3,63		1,91	-1,72		2023
	Sum	43,49	43,49		27,73	0,93	23,76	-3,97		

		Styrings- ramme	Slutt- prognose	Avvik 1	Budsjett	Regnskap HIÅ	Års- prognose	Avvik 2	Byggestart	Trafikkåpning
Tilskuddsordning mindre byområder									Prognose/ faktisk	Prognose/ faktisk
738	Busstopp på Moa, tiltak for raskere og bedre bussavvikling	15,00	15,00		15,00	0,25	15,00		2022-08	2022-12

Merk at prosjekt 738 Busstopp på Moa er splitta etter finansiering på to linjer i tabellen. Samla styringsramme for prosjektet er 19,6 mill. kroner.

Tabell 3 – Rekneskap, budsjett og årsprognose for Post 11 Planlegging og prosjektering – mill. kroner.

Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Finans.	Budsjett	Regnskap HIÅ	Års- prognose	Avvik 2
112	Kommunikasjon	K	2,57	1,27	2,57	0,00
113	Planlegging av sykkeltiltak - Kommune	K	0,60	0,37	0,60	
114	Planlegging av kollektivtiltak - Kommune	K	0,70	0,31	0,70	
115	Planlegging av TS-tiltak - Kommune	K		0,15	0,30	0,30
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - Fylkeskommune	F	0,60	0,05	0,40	-0,20
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - Kommune	K	0,20	0,11	0,20	
702	Sykkelveg ved Volsdalenscole	F	0,60	0,07	0,60	
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum	F	0,20	0,05	0,20	
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum	K		0,90	1,20	1,20
704	Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua	F	1,00	0,15	1,00	
732	Hessafjordvn-Slinningen med snuplass	K		0,46	0,50	0,50
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	F	0,20		0,20	
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	K	0,20		0,20	
734	Fremkommelighet- Aspøya	F	0,20		0,20	
734	Fremkommelighet- Aspøya	K	0,20		0,20	
761	TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Fylkeskommune	F	0,60	0,08	0,20	-0,40
761	TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Kommune	K	0,36	0,33	0,60	0,24
762	Fortau Ytre Hessen(fra skolen)	K	1,50		0,40	-1,10
764	Myrlandsvn fortau, del 1	K	0,25		0,25	
767	Fortau -skolevg Hatlane, Fv399 Bvn	F	0,20		0,20	
	Sum		10,18	4,30	10,72	0,54

Prosjekter og aktivitet i 2022

Statens vegvesen

- E136 Brosundbro, Waterfront – Prosjektering og omprosjektering, arbeid med trafikklysing i sentrum. Ferdigstilt ny trafikkanalyse.
- E136 Breivika-Lerstad – Prosjektet vart starta opp tidlegare i år. Det pågår omregulering på deler av tunneltraseen. Førebunde entreprise på Lerstad pågår.
- Kollektivknutepunkt Campus - Prosjektert og lagt fram forslag til lysing for torg og kollektivstopp.
- Kollektivknutepunkt Ålesund sjukehus – Har arbeid med prosjektering. Arbeidar med avklaringar mot Helseføretaket. Oppstart for prosjektet i 2022.
- Kollektivpunkt Moa – Mykje av arbeidet skal gjerast i år. Vert i hovudsak finansiert av tilskotsmidlar.
- Bomstasjonar – Oppstart og ferdigstilling i 2022.

Møre og Romsdal fylkeskommune

- Kollektivknutepunkt i sentrum – Arbeider med prosjektering og klargjering for oppstart. Planlagd byggestart vinteren 2023.
- Fv. 60 Blindheim-Flisnes – I gang med prosjektering. Større del enn først antatt blir gjennomført i år.
- Straktiltak trafikkikkerhet og straktiltak på eksisterende sykkelnett. Vart starta opp i juni. Oppstramming av kryss, flytting og forbetring av overgangar, forbetring av lysforhold.
- Planleggingsaktivitet - prosjekt på sekkeposten.

Ålesund kommune

- Kollektivknutepunkt i sentrum – Har ferdigstilt forprosjektet.
- Hessafjordvn-Slinningen med sнопlass – Starta opp i august og vert ferdigstilt i haust.
- Straktiltak trafikkikkerhet og straktiltak på eksisterende sykkelnett. Ombygging kryss. Flytting og etablering av gangfelt. Gangfeltsikring i Volsdalsdalen og i Setrevegen er ferdigstilt.
- Planleggingsaktivitet - prosjekt på sekkeposten.